



Monteringa av det 450 kvadratmeter store reiskapshuset til Hans Reidar Kjærland på Leite går mot slutten etter berre vel ei veker jobb. Larvik-firmaet som har jobben starta tysdag i sist veke og truleg vil den vera gjort allereie onsdag i denne veka.

- Eg har truleg aldri sett nokon som har jobba så effektivt, seier Kjærland til uskedalen.no

Ved starten av monteringa var ein nordmann til stades, men Kjærland siktar framfor alt til to unge polakkar når han er raus med rosen for effektivitet. Polakkane har jobba for firmaet i tre-fire år no og er svært rutinerte. No er det stort sett berre frontpartiet som står att.

Biletet viser statusen måndag føremiddag.

(Foto: Ola Matti Mathisen)